HELSE FONNA

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 14.03.22
SAKSHANDSAMAR: Olav Klausen
SAKA GJELD: **Rapport frå verksemda**

STYRESAK: **13/22**

STYREMØTE: **23.03.2022**

1 vedlegg

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning
2. Investeringsramma til byggetrinn to ved Haugesund sjukehus vert deflatorjustert med kr 6 685 000,-

Rapport frå verksemda, Februar 2022

Innhald

Administrerande direktør si oppsummering 2

Økonomi 3

Økonomisk resultat 3

Investeringar 3

Likviditet 5

Aktivitet og kvalitet 7

Aktivitet 7

Kvalitet 8

Ventetid 8

Korridorpasientar 12

Epikrise 13

Pasienttryggleik 13

Utskrivningsklare pasientar 13

Medarbeidar 17

Bemanning 17

Sjukefråvær 17

Uønska hendingar HMS/ansatteskadar i perioden 18

Administrerande direktør si oppsummering

Økonomi

Det økonomiske resultatet for månaden var 22,7 millionar kroner under budsjett. Akkumulert er resultatet 57,9 MNOK under budsjett.

Aktivitet

Aktiviteten målt i talet på innleggingar, dagbehandling og poliklinikk varierer i føretaket men er hovudsakleg noko lågare enn planlagd, mykje grunna høgt sjukefråvær.

Kvalitet

Gjennomsnittleg ventetid for alle behandla pasientar var 64 dagar (eigarkrav under 50 dagar innan 2021). Ventetida for ventande var 68 dagar.

Innan somatikken var ventetid for alle behandla pasientar 64 dagar Innan BUP-feltet var ventetid ventande på 34 dager og ventetid behandla på 58 dager. Dette er ein nedgang frå januar. For voksenpsykiatri og tverrfagleg spesialisert rusbehandling var ventetid ventande på 55 dager og ventetid behandla på 48 dager. Dette er ein auke frå føregåande månad.

904 pasientar på ventelistene har ikkje fått time innan fristen som er sett. Årsaker og tiltak er vist i rapporten.

Utskrivningsklare pasientar

Innan somatikk var det i februar 64 pasientar som var melde utskrivingsklare medan dei venta på kommunalt tilbod om pleie- og omsorgstenester frå kommunen. Pasientena låg til saman 226 døgn, i snitt 8 sjukehussenger var nytta til utskrivingsklare pasientar i perioden.

Korridorpasientar

3,9 prosent av sengedøgna i somatikken var i snitt på korridor i månaden.

Medarbeidar

Sjukefråværet var 10,7 prosent.

Februar har vore prega av eit høgt tal på innlagde pasientar med covid-19. Likevel har føretaket oppretthaldt mykje av planlagt (elektiv) behandling. Høgt sjukefråvær har gitt problemer med å dekkje vakter for mange faggrupper og einingar. Dette har mellom anna ført til eit stort økonomisk overforbruk på innleige og overtid.

Økonomi

Økonomisk resultat

Helse Fonna sitt resultat for februar syner eit underskot på kr 24,392 mill. kr, mot eit budsjettert underskot på kr 1,667 mill. Dette gjev eit negativt budsjettavvik på kr 22,726 mill. Resultat hittil i år er kr - 61,298 mill. Dette er kr 57,965 mill. under budsjett.





Artskonto		Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil
⊞ HV031.1	Pasientrelatert inntekt	110 472	114 633	-4 161	238 058	252 737	-14 679
⊞ HV031.2	Basistilskudd	232 529	219 751	12 778	438 122	424 524	13 598
⊞ HV031.3	Andre inntekter	9 844	3 565	6 279	16 838	7 130	9 708
⊟ HV031	Sum Driftsinntekter	352 845	337 948	14 896	693 018	684 391	8 627
⊞ HV032.1	Varekostnader og Helsetjenester	-64 295	-53 535	-10 760	-129 357	-112 182	-17 175
⊞ HV032.2	Lønn- og personalkostnader	-252 640	-227 785	-24 855	-503 293	-458 290	-45 003
⊞ HV032.3	Øvrige kostnader	-43 630	-41 156	-2 474	-88 282	-82 802	-5 480
⊞ HV032.4	Av- og Nedskriving	-16 276	-16 032	-245	-32 562	-32 083	-478
⊟ HV032	Sum Driftskostnad	-376 842	-338 508	-38 334	-753 493	-685 356	-68 137
⊟ HV033	Driftsresultat	-23 997	-560	-23 437	-60 475	-966	-59 510
⊞ HV034.1.01	Finansresultat	-395	-1 107	712	-823	-2 368	1 545
⊟ HV034.1	Finans	-395	-1 107	712	-823	-2 368	1 545
⊟ HV034	Sum Finans	-395	-1 107	712	-823	-2 368	1 545
⊟ HV0310	Totalresultat	-24 392	-1 667	-22 726	-61 298	-3 333	-57 965
⊟ HV03	Total Kontoplan	-24 392	-1 667	-22 726	-61 298	-3 333	-57 965

Inntekter

Inntektene totalt denne månaden har eit positivt avvik på kr 14,896 mill. Øyremerka midlar viser eit positivt avvik på kr 13,010 mill. Helse Vest RHF gjorde i sak 011/22 endring i konsernbudsjettet for 2022, og Helse Fonna har fått ei løyving på kr 31,577 mill. knytt til beredskap Covid-19. Summen gjeld for første halvår 2022, og det er inntektsført kr 12,63 mill. av beløpet i perioden. Restmidlane er periodisert i første halvår, med størst del i perioden februar-april.

Dei pasientrelaterte inntektene (ISF, poliklinikk og gjestepasientinntekter) for perioden viser eit samla negativt avvik på kr 4,161 mill. Av dette kan kr 4,468 mill. relaterast til Covid-19.

Andre driftsinntekter har eit positivt avvik på kr 6,279 mill. Det største positive avviket, på kr 4,050 mill., er knytt opp til forbruk av varer frå nasjonalt beredskapslager. Akkumulert har pasientrelaterte inntekter eit negativt avvik på kr 14,679 mill., mens akkumulert samla positivt avvik på inntekter per februar er kr 8,627 mill.

Varekostnader

Rekneskapen for månaden syner at kostnadane til kjøp av varer og tenester gjev eit samla negativt avvik mot budsjett på kr 10,76 mill. Varekostnad knytt til føretaket sin aktivitet viser totalt eit negativt avvik på kr 8,547 mill, der kr 0,633 mill. er knytt mot Covid-19.

Dei største negative avvika innanfor varekost er behandlingshjelepmiddel med kr 1,06 mill., krefthjelpemiddel med kr 0,538 mill. og laboratoriemedisin md kr 1,244 mill. Elles er det eit negativt avvik på kr 4,05 mill. som gjeld korrigering varer frå nasjonalt beredskapslager. Dette må sjåast opp mot meirinntekt på same beløp.

Kjøp av helsetenester viser denne månaden eit negativt avik på kr 2,213 mill. Det største avviket gjeld kjøp av helsetenester på grunn av fristbrot innanfor gastroenterologisk på kr 1,224 mill. Samla akkumulert avvik på varekostnad er kr 17,175 mill.

Personalkostnadar

Personalkostnadane inkl. innleige av personell frå byrå viser eit negativt avvik for perioden på kr 24,8 mill. Av dette er kr 18,046 mill. knytt til Covid-19. Av samla avvik gjeld kr 17,299 mill. overtid og variable tillegg, og innleige frå vikarbyrå kr 5,201 mill. Akkumulert avvik er kr 45 mill., av dette er kr 10,639 mill. knytt til innleige frå byrå, mens variable tillegg/overtid utgjer kr 31,471 mill.

Andre driftskostnadar

Andre driftskostnadar viser eit negativt avvik for perioden på kr 2,4 mill. Driftskostnader eigedom og bygg bidreg positivt med kr 1,840 mill, mens kostnad utstyr bidreg negativt med kr 1,527 mill. Akkumulert negativt avvik er kr 5,48 mill.

Investeringar

I styresak 86/21 vart det gjort vedtak om Investeringsbudsjett for helse Fonna HF for 2022, med kr 124,491 mill. til byggetrin 2 ved haugesund sjukehus. Det syner seg no at denne summen ikkje var deflatorjustert for åra 2021 og 2022, noko som utgjer kr 6,685 mill. Administrerande direktør gjer framlegg om å deflatorjustere investeringsramma for byggetrinn to tilsvarande.

Det er bestilt 30 nye pasientsenger som i følge avtalen skal leveres primo mars 2022. I tillegg er det bestilt 10 nye pasientsenger til Stord sjukehus.

Prosjekt ny senge- og madrass autoklave ved Haugesund sjukehus

Ultimo februar ble det mottatt tilbod på ny senge- og madrass autoklave og evaluering av tilboda er påbyrja. Målsettinga er å tildele kontrakt på leveranse av ny autoklave i løpet av mars/april. Det vil vere nødvendig å foreta større bygningsmessige tilpasningar for å få montert og idriftssatt ny autoklave.

Prosjekt etablering av brannalarmanlegg G/H blokk Stord

Funn av asbest har ført til noe forsinkelse i opprinnelig framdriftsplan. Det er i perioden gjennomført anbudskonkurranse og i følgje planen skal ein påbyrja dei fysiske arbeida medio mars. Installasjonstida er berekna til 3 månadar.

Prosjekt overbygg sentrallager Haugesund sjukehus

ByggHgsd2020 etablerte et fundament/platting utenfor sentrallageret ved Hgsd sjukehus. Fundamentet/plattingen var nødvendig for at en skulle kunne motta alle varene til SydVest blokka. Målsettinga var også å få etablert overbygget, men dette har ikkje blitt prioritert av ByggHgsd2020. Ein har motteke skisser som ble utarbeidet av ByggHgsd2020 som grunnlag for det vidare arbeidet. Det har så langt vert gjenomført oppstartsmøte herunder avklaringar med brukarane. Så langt er det avdekka at eksisterande rømmningsvei må flyttast. Dette som følgje av at noverande rømmningsvei fungerer som prioritert inngang for brannmannskap. Endring av rømmningsvei må gjennomførast før arbeidet med overbygget kan påbyrjast.

Prosjekt rehabilitering av eksteriør HR huset

Det er foretatt ein tilstandskartlegging og utarbeiding av beskrivelse pågår. I følgje den plan som føreligg vil rehabiliteringen vil bli utført i etapper. For 2022 planlegg ein rehabillitering av vest-sida av bygget.

Prosjekt oppgradering av ventilasjonsanlegg ved fertilitetsavdelingen ved Haugesund sjukehus

Prosjektet har påbyrja detaljprosjektering av tiltaket som skal gjennomførast på fertilitets-avdelinga.

Prosjekt skifte ut oppvaskmaskin kjøkken Stord inkl ombygging

Prosjektet har gjenomført oppstartsmøte herunder avklaringar med brukarne.

Prosjekt ombygging som følge av utskifting av CT Stord sjukehus
Konkurransegrunnlaget for anskaffelsen av ny CT er kunngjort på Doffin og tilbodsfristen er i mars. Ombyggingsprosjekt vil bli påbyrja når kontakt på nye CT er tildelt og ein har valgt konsept.

Prosjekt innendørs mobildekning Haugesund sjukehus

Prosjektet følger ByggHgsd2020 sin ombyggingsplan. Gjenståande arbeid inneber idriftsettelse ultimo november. Kvalitetskontroll og lukking himling medio desember.

Prosjekt prioritetsstyring elkraft

Trinn 1 blei ferdigstilt i 2020. Trinn 2 første fase (tilrettelegging for ombyggingsprosjektet B03) ble ferdigstilt i månadsskifte sept/okt. Det nye prioritetsstyringssystemet erstattar eksisterande system ved Haugesund sjukehus når det er ferdig utbygd.

Det er hittil i år, per 1. mars 2022, bokført medisinsk teknisk utstyr (MTU) investeringer på 2,8 MNOK. Prognosen til MTU investeringsbudsjettet for 2022 er i henhold til planlagt budsjett.

Likviditet

Disponibel likviditet pr utgangen av februar kr 809,256 mill. Kurva for resten av året følgjer same trend som tidlegare angitt, med lågaste nivå i august. Siste rest av byggelån (byggtrinn 2) vert utbetalt i desember. Disponibel likviditet vil ifølge prognosen aldri bli mindre enn kr 387 mill.



Aktivitet og kvalitet

Aktivitet

Psykisk helsevern

Det var totalt 174 avdelingsopphald i psykisk helsevern og rus i februar. Dette er 20 fleire avdelingsopphald enn budsjettert og 28 fleire enn 2021. Grunna den pågåande covid19 pandemien og høgt sjukefråver har drift blitt redusert ved HDPS allmen døgnpost 2 i siste del av februar. Det er etablert samarbeidsmøter på tvers av ulike avdelingar for å nytte ut døgnkapasitet best mogleg og sikre heilheitlege pasientforløp på tvers av sjukehus og DPS-nivå. Størst utfordring er det i høve døgnkapasitet innan sikkerhetspsykiatri. Talet på pasientar dømt til behandling er aukande og mange av disse treng lengre forløp i døgninstitusjon. I 2022 er det planlagt å gå gjennom og optimalisere pasientforløp innan sikkerhetspsykiatri. Det vil då bli sett på både døgnbehandling og poliklinisk behandling. Tiltaket vil kunne avlaste døgninstitusjonane og sikre at fleire pasientar vert rehabilitert til kommunale tilbud.

I poliklinikkane i psykisk helsevern og rus var det heile 6 872 konsultasjoner i februar månad korav 5628 var refusjonsberettiga. Grunna covid19-relatert sjukefråver kombinert med ledige behandler-stillingar ligg aktivitet 11% under budsjett. Dette har vidare resultert i auka ventetid og einskilde fristbrot. Klinikken arbeider aktivt med fleire tiltak knytta til rekruttering av nye behandlere og er i dialog med dei andre føretaka i regionen samt Helse vest med

omsyn til å utarbeide ein felles rekrutteringstrategi. Utover dette vert det arbeidd med å effektivisere pasientforløp samt sikre god logistikk i planlegging av aktivitet gjennom tiltak i «Alle møter» og «Vel møtt».

Kirurgisk klinikk

Kirurgisk klinikk hadde i februar 712 døgnopphald og 498 dagopphald. Dette er noko mindre enn i budsjett. Det blei gjennomført 5291 polikliniske konsultasjonar som var refusjonsbare, noko som er 192 færre enn budsjett. Det blei gjennomført 314 telefonkonsultasjonar og 6 videokonsultasjonar.

Medisinsk klinikk Haugesund/Odda

Medisinsk klinikk hadde i februar 762 døgnopphald, dette er 3 mindre enn budsjettert, men 61 fleire enn samme månad 2021. Det var 131 dagopphald, dette er 35 mindre enn budsjett. Det var 5453 refusjonsberettiga konsultasjonar i februar, 285 bak budsjett. Årsak til lågare poliklinisk aktivitet var hovudsakeleg behov for flytting av ressursar for å halde døgndrift i gong. Litt over 10% av dei polikliniske konsultasjonane var digitale.

Klinikk somatikk Stord

Klinikk somatikk Stord hadde i februar 430 døgnopphald, 89 færre enn budsjett og 22 færre enn februar 2021. Det var 121 dag opphold, 50 færre enn budsjett og 13 færre enn februar 2021. Totalt var det 1 880 polikliniske konsultasjonar, av desse var 1 727 refusjonsberettiga. Det var 544 færre enn budsjett og 318 færre enn februar 2021. I underkant av 3 % av polikliniske konsultasjonar var ved bruk av telefon- og videokonsultasjon, ein auke på omtrent 1 %. Etter at det vart starta opp eit arbeid med videokonsultasjonar på sårpoliklinikken har andel videokonsultasjonar auka i tillegg til meir bruk av telefonkonsultasjonar. Særsklit eldre pasientar med lang reiseveg og som er skrøpelige kan få hjelp ved at pleiepersonell via Teams får vegleiing i sårbehandlinga.

Kvalitet

Ventetid

Psykisk helsevern

Innan BUP-feltet var ventetid ventande på 34 dager og ventetid behandla på 58 dager. Dette er ein nedgang frå januar. Tilbakemelding frå tenestene er at høg innsøkning gjennom store deler av 2021, rekrutteringsutfordringar og fråver knytta til Covid19 pandemien vil medføre

aukande ventetider for mars og april. Det er iverksatt kortsiktige tiltak for å avhjelpe situasjonen i BUP-feltet i form av kveldspoliklinikk, rekruttering av medarbeidere frå voksenpsykiatri samt innleige frå bemanningsbyrå. På litt lengre sikt vert det arbeidd med å betre rammebetingelsane for BUP-feltet gjennom dei årlege budsjett-rundane. For 2022 er BUP-feltet blitt styrka med fleire behandler-stillinger. Det er og gjort tiltak for å sikre betre behandlingsfasiliteter og dermed ein meir effektiv utnyttelse av eksisterande behandlerressurser. I desember 2021 flytta deler av den polikliniske verksemda ved BUP Haugesund inn i leigde lokaler ved Meieriet i Haugesund. 23,5 % av alle tilvisingar fikk ikkje rett til helsehjelp. Høgast var andelen som ikkje fikk rett til heslehjelp ved SDPS. I tråd med oppdragsdokumentet at ein skal sjå alle pasientar før ein gjev avslag, har ein starta prosess med å etablere vurderingssamtaler før avslag vert gjeve. Hovedutfordring for å kunne tilby dette er den vanskeleg rekrutteringssituasjonen av psykiatere og psykologspesialister.

For voksenpsykiatri og tverrfagleg spesialisert rusbehandling var ventetid ventande på 55 dager og ventetid behandla på 48 dager. Dette er ein auke frå føregåande månad. Det er store variasjoner med omsyn til ventetid ved dei ulike DPSa. Stord DPS og FDPS ligg rett over det regionale målkravet på 40 dager ventetid behandla, mens HDPS har eit snitt for dei siste tre månader på heile 55 dager ventetid behandla. Som for BUP-feltet er hovedårsak til den høge ventetida ein vanskeleg rekrutteringssituasjon med fleire ledige behandlerstillinger samt høgt sjukefråver. Det vert arbeidd aktivt med rekruttering gjennom utlysning av stillinger, tilby god praksis for studenter samt gode utdanningsløp for leger og psykologer. Vidare vert det arbeidd med å effektivisere pasientforløp og sikre ein god logistikk i planlegging av pasientforløp. Frå 15 mars overtar helse føretaket inntak for dei private ideelle og i løpet av 2022 skal ein overat inntaket for avtalespesialister. Det forventast at dette vil gje ein betre ressursutnyttelse på tvers av foretak, private idelle og avtalespesialister. Ved poliklinikkar der det har vore interesse for det har ein lagt til rette for kveldspoliklinikk. Heile 38,8% av tilvisingane innan voksenpsykiatri og tverrfagleg spesialisert rusbehandling vart funne å ikkje ha rett til nødvendig helsehjelp. Dette varierer noko frå DPS til DPS, men er høgast ved HDPS. Fleire poliklinikar tilbyr no vurderingstime før ein gjev eit eventuelt avslag på helsehjelp, men det er ikkje kapasitet i tenesta til å tilby dette til alle tilviste pasientar. Det er etablert dialog med einskild kommunar for å sjå på korleis vi betre kan utnytte ressursane innan psykisk helsevern på tver av kommune og føretak.

Kirurgisk klinikk

Gjennomsnittleg ventetid var 60 dagar for ventande og 68 dagar for behandla. Samanlikna med ventetid i februar 2019 var ventetida 54 dagar for ventande og 58 dagar for behandla.

Medisinsk klinikk Haugesund/Odda

Gjennomsnittleg ventetid var 84 dagar for ventande og 73 dagar for behandla.

Klinikk somatikk Stord

Gjennomsnittleg ventetid for ventande i februar var på 69 dagar og 49 for behandla



Fristbrot

Tal pr. 01.03.22

Psykisk helsevern

Det var 2 fristbrot behandla og 19 fristbrot ventande. Haugesund sjukehus står for nesten 17 frsitbrot ventande. Samtlege av disse skuldast feilregistreringar. Kontrollrutiner er innført,

men noko av utfordringa er feil registrering av rettighetsdato vedrørande pasientar som er tilvist frå andre helseføretak eller private ideelle. Dette vert det arbeidd med å rette opp i. Ved BUP Stord var det to fristbrot behandla. Begge fristbrota skuldast sjukefråver og manglande kapasitet i tenesta til å replanlegge innafor frist. Tilbakemelding frå avdelingane er at det er fare for ytterlegare fristbrot innan BUP-feltet for mars og april grunna fråver, ledige stillingar og høg innsøkning. Det er iverksatt ein lang rekkje tiltak på lang og kort sikt som skal betre kapasiteten i tenestene. I budsjett for 2022 er det prioritert auka ressurser til BUP og DPS. Det vert arbeidd aktivt med rekruttering i ledige behandlerstillinger samt sikre ein god og effektiv utnyttelse av eksisterande behandler-ressurser gjennom tiltak i prosjekta «Alle møter» og «Vel møtt». Av kortsiktige tiltak er kveldspoliklinikk ved utvalde avdelingar vidareført samt at ein har nytta seg av innleige frå bemanningsbyrå for våren 2022.

Kirurgisk klinikk

Det var i februar 43 fristbrot behandla og 62 fristbrot ventande. Flest fristbrot ventande er det innafor fagområda ortopedi, ØNH og urologi.

Medisinsk klinikk Haugesund/Odda

Det var i februar 151 fristbrot behandla og 52 fristbrot ventande. Utfodringa er størst innafor førdøyelsessjukdommar, nevrologi og barn. Avdelingane har ikkje klart å halde ønska produksjon i februar på grunn av sjukefråvær og covidinnleggelsar, men det gjennomførast kveldspoliklinikk på fleire einingar.

Klinikk somatikk Stord

Det var i februar 73 fristbrot behandla og 275 fristbrot ventande. Det er Medisinsk seksjon som har flest fristbrot, fordelt på gastro med 107, hjerte med 69 og lunge med 35. Kirurgisk seksjon har 21 fristbrot på gastro/generell og ortopedisk har 5 fristbrot. Der er talet redusert gjennom mellom anna auke i poliklinikk.

Korridorpasientar

Korridorpasientar pr feb 2022					
Resultat i forhold til budsjett			Resultat sammanlikna med førre år		
Budsjett	Resultat	Avvik	Resultat feb 21	Resultat feb 22	Avvik
7 304	283	3,87 %	3,56 %	3,87 %	0,31 %



	feb-21	mars-21	april-21	mai-21	juni-21	juli-21	aug-21	sep-21	okt-21	nov-21	des-21	jan-22	feb-22
Antall korridorpasientar (døgn)	247	184	266	240	269	131	203	331	461	368	177	285	283
Antall sengedøgn - somatikk	6934	8490	8144	8380	8161	7773	7888	7838	7944	7822	7606	7689	7304
% - korridorpasientar	3,6 %	2,2 %	3,3 %	2,9 %	3,3 %	1,7 %	2,6 %	4,2 %	5,8 %	4,7 %	2,3 %	3,7 %	3,9 %

Tal pr. 01.03.22

Psykisk helsevern

Det var ingen korridor pasientar i psykisk helsevern og rus.

Kirurgisk klinikk

I februar var det registrert 6,5 % korridorpasientar. Det utgjer 160 pasientar på korridor. Dette skuldast eit pasientbelegg på 102% i februar. Alle sengepostane melder om høgt pasientbelegg.

Medisinsk klinikk Haugesund/Odda

Det var 76 korridorpasientar i februar, tilsvarande 2,5 %. Alle korridorpasientane var vaksne pasientar på Haugesunds sjukehus.

Klinikk somatikk Stord

Det var totalt 47 pasientar (3,0%) på korridor i februar. Det er på medisinske sengepostar i hovudsak.

Epikrise



Tal pr. 01.02.22

For epikrise sendt etter 1 dag i januar, ligg somatikk på 62,2% Psykisk helsevern ligg på 56,8% og rus ligg på 75%.

For epikrise sendt etter 7 dagar i januar ligg somatikk på 83,8% Psykisk helsvern ligg på 91,7% og rus 87,5%.

Pasienttryggleik

Andelen pasientar som var risikovurderte med tanke på fall var i februar 55%, for trykksår 47% og for underernæring 44%. Til samanlikning var tilsvarande tal for februar 2021 61% for fall, 49% for trykksår og 46% for underernæring.

Det blei varsla om fire saker i januar og to i februar etter §3-3a i spesialisthelsetenestelova:

Oppretta/sendt	Ansvarleg eining	Tal saker
Januar	Klinikk for medisin Haugesund og Odda	2
	Klinikk for psykisk helsevern og rus	2

Februar	Klinikk Somatikk Stord	1
	Klinikk for psykisk helsevern og rus	1

Utskrivningsklare pasientar

Innan somatikk





Innan somatikk var det i februar 64 pasientar som var melde utskrivingsklare medan dei venta på kommunalt tilbod om pleie- og omsorgstenester frå kommunen. Pasientena låg til saman 226 døgn, i snitt 8 sjukehussenger var nytta til utskrivingsklare pasientar i perioden. I februar var det Karmøy kommune som hadde størst utfordringar med å ta imot utskrivingsklare pasientar med behov for kommunale tenester.

Tal for utskrivingsklare pasientar er henta frå føretaket sitt journalsystem, DIPS. Av fleire grunnar kan det vere skilnad mellom tala frå DIPS og tal pasientar/døgn som blir fakturert kommunane.

Utskrivningsklare pasientar, tal pasientar, somatikk 2022				
Kommune	**Totalt 2021**	**jan**	**feb**	**Totalt 2022**
Bokn	1			
Bømlo	13			
Etne	14			
Fitjar	3			
Haugesund	131	7	3	**10**
Karmøy	302	26	35	**61**
Kvinnherad	24	12	5	**17**
Sauda	38	2		**2**
Stord	86	9	11	**20**
Suldal	2			
Sveio	6			
Tysnes	1	1		**1**
Tysvær	29	7	3	**10**
Ullensvang	21	1	6	**7**
Utsira				
Vindafjord	19	1	1	**2**
Andre	1	2		**2**
Totalt	**691**	**68**	**64**	**132**

Utskrivningsklare pasientar, tal liggedøgn, somatikk 2022				
Kommune	**Totalt 2021**	**jan**	**febr**	**Totalt 2022**
Bokn	1			
Bømlø	16			
Etne	30			
Fitjar	3			
Haugesund	371	18	5	**23**
Karmøy	1198	120	147	**267**
Kvinnherad	52	26	7	**33**
Sauda	176	3		**3**
Stord	264	20	38	**58**
Suldal	2			
Sveio	7			
Tysnes	1	1		**1**
Tysvær	59	22	13	**35**
Ullensvang	31	3	15	**18**
Utsira				
Vindafjord	56	1	1	**2**
Andre	1	3		**3**
Totalt	**2268**	**217**	**226**	**443**

Psykisk helsevern





Innan psykisk helsevern var det i februar 2 utskrivingsklare pasientar som venta på kommunalt tilbod, totalt 28 liggedøgn.

Medarbeidar

Bemanning

Brutto månadsverk hittil i år er 3.179. Dette er 115 fleire enn for same periode føregåande år. For februar månad er brutto månadsverk 3.164.
Netto månadsverk hittil i år er 2.722. Dette er 60 fleire enn for same periode føregåande år. For februar månad er netto månadsverk 2.652.

Sjukefråvær

Føretaket har eit registrert samla sjukefråvær på 10,7 prosent i februar månad, mot 8,6 prosent i februar månad 2021. Kortidsfråværet er 5,5 prosent og langtidsfråværet 5,2 prosent i februar månad. Korttidsfråværet har auka med 3,1 prosent, medan langtidsfråværet er redusert med 1,0 prosent samanlikna med februar 2021. I februar månad var eigenmeldt fråvær 4,2 prosent og sjukemeldt fråvær 6,5 prosent.
Hittil i år er det samla sjukefråværet 9,3 prosent. Eigenmeldt fråvær 2,9 prosent og sjukemeldt fråvær 6,4 prosent. Korttidsfråværet er 4,1 prosent og langtidsfråværet 5,2 prosent.

Følgjande klinikkar/områder har høgast fråvær i februar månad:

- Drift har eit samla sjukefråvær på 12,9 prosent (3,9 prosent eigenmeldt og 9,0 prosent sjukemeldt), mot samla sjukefråvær 11,2 prosent februar 2021
- Klinikk for psykisk helsevern og rus har eit samla sjukefråvær på 12,1 prosent (4,6 prosent eigenmeldt og 7,5 prosent sjukemeldt), mot samla sjukefråvær 8,8 prosent februar 2021
- Klinikk for medisin Haugesund og Odda har eit samla sjukefråvær på 10,5 prosent (4,1 prosent eigenmeldt og 6,4 prosent sjukemeldt), mot samla sjukefråvær 8,0 prosent februar 2021

Uønska hendingar HMS/ansatteskadar i perioden

(**Statistikk tatt ut frå Synergi 06.03.2022).**

Synergi er Helse Fonna sitt verktøy for melding og sakshandsaming av;

- Uønska hendingar
- Nesten uhell
- Avvik
- Forslag til forbetring

Her melder ein både pasientrelaterte hendingar, HMS hendingar og driftshendingar.

Vidare rapportering viser berre HMS hendingar.

HMS hendingar hittil i år.

HMS hendelser, hittil i år

Hendelsetype	Saker, Antall registreringer
-- Ikke valgt --	119
Hendelsetype - 1. 1 Avfall	1
Hendelsetype - 1. 2 Beredskap	1
Hendelsetype - 1. 3 Biologisk arbeidsmiljø (smitterisiko)	15
Hendelsetype - 1. 4 Brannsikkerhet	5
Hendelsetype - 1. 5 Ergonomisk arbeidsmiljø	6
Hendelsetype - 1. 6 Fysisk arbeidsmiljø	23
Hendelsetype - 1. 7 Kjemikalier og legemidler	5
Hendelsetype - 1. 8 Organisatorisk arbeidsmiljø	14
Hendelsetype - 1. 9 Psykososialt arbeidsmiljø	28
Hendelsetype - 1.10 Sikring	7
Hendelsetype - 1.11 Systematisk HMS-arbeid	7
	Sum 231

HMS saker hittil i år

Dato for hendelsen	Saker, Antall registreringer
jan 2022	109
feb 2022	101
mar 2022	16
	Sum 226

«Ikkje valt» betyr at sakshandsamar ikkje er starta handsaminga, og dermed ikkje valt hendingstype.

HMS hendingar fordelt på klinikk, februar 2022:

HMS hendingar pr klinikk , februar 2022

Saksbehandlende enhet/prosjekt	Saker, Antall registreringer
Helse Vest RHF (ID#401) - Helse Fonna HF (ID#390) - Drift (ID#4332)	4
Helse Vest RHF (ID#401) - Helse Fonna HF (ID#390) - Klinikk for kirurgi Haugesund (ID#393)	18
Helse Vest RHF (ID#401) - Helse Fonna HF (ID#390) - Klinikk for medisin Haugesund og Odda (ID#4393)	30
Helse Vest RHF (ID#401) - Helse Fonna HF (ID#390) - Klinikk for medisinske tenester og beredskap (ID#362)	14
Helse Vest RHF (ID#401) - Helse Fonna HF (ID#390) - Klinikk for psykisk helsevern og rus (ID#389)	24
Helse Vest RHF (ID#401) - Helse Fonna HF (ID#390) - Klinikk Somatikk Stord (ID#2834)	10
	Sum 100

Vidare blir det vist til tre rapporteringar i synergi, med årsak, utfall og tiltak/læring.

1. Potensiell konsekvens.
   Basert på ein risikovurdering som sakshandsamar må gjennomføre når ein behandlar avviket.
2. Faktisk konsekvens
   Basert på sakshandsamar si vurdering av alvorsgrad.
3. Tilsettskader
   Ein må svare for om hendinga medførte skade. Det er i første omgang eit ja/nei spørsmål. Dersom ja, skal ein fylle inn meir info om skaden.

1. **Potensiell konsekvens, februar 2022;**

Potensiell konsekvens- februar 2022

Risikoområde	Saker, Antall registreringer
Kritisk område	1
Alvorlig område	6
Mindre alvorlig område	15
-- Ikke valgt --	1
	Sum 23

Det er spesifisert under hendinga om det er vurdert på grønt, gult eller raudt på dei ulike kategoriane. Kategoriane er slik; Tilsett- liv og helse, Pasient- liv og helse, Drift og Omdømme

Dersom ein vurderer eit av desse områda til raudt, kjem det inn som raudt under HMS rapporteringa.

Det er ei hending som er vurdert raudt på HMS i februar.

Potensiell konsekvens	Beskrivelse/Årsak	Dato	Tiltak/læring/utfall
Kritisk område	Pasienten var nettopp flytta frå anna avdeling. Hadde vore på denne post i 3 timar. Pasient satt i sofa i stova, gjekk ut på terrassen, snur i døropninga og drar fram ein kniv frå belte som han vippar opp. Pasient uttaler: "pass dere jeg har kniv". Pasient står med beina langt frå kvarandre med bøy i kne og strekk ut armen med kniven mot medarbeidar og ein annan pasient. Medarbeidar opplev at pasienten har truande åtferd. Vurdert som potensiell konsekvens på 75 (høgaste verdi) på både pasient- liv og helse og tilsett- liv og helse.	10.02	**Strakstiltak:** Pasient blir bedt om å levera frå seg kniven og får spørsmål om det fins fleire slike gjenstandar i bagasjen. Medarbeidar tok kontakt med forvakt som var på huset ved hendinga. **Tiltak:** Dialog med funksjonsleder fra overflyttande post. Meldt i synergi at det var manglande informasjon om at pasient hadde fått utlevert kniv. Det er levert politianmeldelse. Dei involverte har fått tilbod om debrief. Vurdert gjeldande interne prosedyrar når det gjeld ransaking.

			Tema tatt opp på neste driftsmøte.

2. **Faktisk konsekvens, februar 2022:**

Faktisk konsekvens- februar 2022

Faktisk konsekvens/alvorlighetsgrad	Saker, Antall registreringer
Ansatt - liv og helse - 1 Ubetydelig/Ingen	9
Ansatt - liv og helse - 2 Mindre alvorlig	9
Ansatt - liv og helse - 3 Alvorlig	4
	Sum 22

Det er 4 hendingar som er meldt som alvorlig og med faktisk konsekvens.

2 av desse fekk ingen faktisk konsekvens og omhandla manglande samsvar mellom oppgåver og ressursar.

1 hending var ført som pasienthending og er same hending som beskrive i feltet for potensiell konsekvens. Ingen faktisk konsekvens registrert.

Den siste hendinga er beskrevet under.

Faktisk konsekvens/ alvorsgrad	Årsak	Utfall	Tiltak/læring
Alvorlig	Sinne med påfølgande vald frå pasient i samband med stell. Medarbeidar går ut av	Psykisk påkjenning	Strakstiltak: Pasient blir skjerma med låst dør og medarbeidar

(Denne hendinga var meldt på pasientadferd, men med faktisk konsekvens for medarbeidar).	rommet og lukker døra. Pasient presser opp døra og riv i håret til medarbeidar. Når det kjem hjelp til, sparkar pasient ny medarbeidar i magen.	(Ubehag: hovud og mage)	utanfor. Forvakt kontakta. Hendinga tas med i vidare behandling og forebygging. Pasient kan ikkje ansvarliggjerast.

3. **Tilsettskade februar 2022;**

Skadeklasse tilsettskade, februar 2022

Skadeklasse	Saker, Antall registreringer
Førstehjelpsskade	9
	Sum 9

Førstehjelpsskadar;

1. Slag i kjeve/hals, samt spark i lår, hofte og fot. Smerter i bekken i ettekant, og blåmerker på lår og hofte. Kne høgre side raudt og hovent. Fekk legetilsyn i etterkant og burde vore kategorisert under behandlingsskade.
2. Akutte smerter i nedre del av korsrygg når medarbeidar skulle bøya seg ned for å måle blodtrykk på pasient som satt på stol. Medarbeidar sjukemeldt og får behandling hos kiropraktor. Burde vore kategorisert under behandlingsskade.
3. Slag med knyttneve i hovudet. Ingen behandling i etterkant.

I tillegg er det ført opp fire hendingar som ikkje førte til skade, som beskriv manglande samsvar mellom oppgåver og ressursar.

Det er ført opp to hendingar som kunne vore høg potensiell smittefare, men der medarbeidar ikkje vart smitta og dermed ikkje fekk noko reell skade.